



Helgesen Tekniske-bygg AS
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1895 - 14/6705

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2014

GODKJENNING - SØKNAD OM ANSVARSRETT TILKNYTT BYGGJETILTAK PÅ GBNR 23/363 I MELAND KOMMUNE

Administrativt vedtak. Saknr: 116/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 28.4.2014 om godkjenning av ansvarsrettar for funksjonane PRO og UTF av skilt og reklameinnretning tilknytt verserande byggjetiltak på gbnr. 23/363 i Meland kommune, jf. byggjesak 14/1985.

Vurdering:

Kommuneadministrasjonen vurderer at den aktuelle oppgåva – montering av reklameskilt som skildra gjennom vedlegg til søknaden om ansvarsrett – er i samsvar med føreliggjande ramme- og igangsettingsløyver i ovannemnde sak. Det er difor ikkje naudsynt med endringar av desse løyva.

Helgesen Tekniske-bygg AS (ansvarleg søkjar) har ikkje underteikna føreliggjande søknad om ansvarsrettar, men i telefonsamtale m/ SØK v/ Ole-Harald Blekeli av 5.5.2014 stadfesta Blekeli at søknaden skal vurderast som innsendt på vegne av SØK og på dei føresetnader som følgjer av søknaden i høve til m.a. erklæring om straff og sanksjonar i Plan- og bygningsloven (pbl.) kap. 32.

Ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Aexpo AS Organisasjonsnummer 998 552 656 Lokal godkjenning	PRO skilt og reklameinnretning (tkl. 1) UTF montering av skilt

Vedtak

«Med heimel i Plan- og bygningsloven §§ 20-1 tredje ledd og 23-1 godkjenner Meland kommune føretaket Aexpo AS (org.nr. 998 552 656) som ansvarleg for funksjonane PRO skilt og reklameinnretning og UTF montering, i samsvar med høvesvis søknad innstempla 28.4.2014 og vurderinga over.

Om den nærmare utføringa vert det vist til ramme- og igangsettingsløyva i byggjesak 14/1985 og teikningane som er vedlagt vedtaket her.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
CCE28042014
Frekhaug kommunepapirer

Kopi til:
Andreas Skogrand

Mottakere:

Helgesen Tekniske-bygg AS

5281

VALESTRANDSFOSEN